

**Landbruk**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Terje Namdal

Mykingvegen 153  
5913 EIKANGERVÅG**Dykkar ref.****Sakshandsamar:**

Nils Kaalaas

**Vår ref.**2013/1925 - 0 -  
11748/2013**Telefon**

56 37 56 31

Arkivkode:

212/8

Dato:

15.05.2013

*Delegert sak***Bakkeplanering/jordtipp - gbnr 212/8 Eikanger øvre****Dokument i saka:**

Terje Namdal har vend seg munnleg til kommunen med søknad om å få tilført jordmassar på teigen som han har vest for driftsbygningen.

Vassbakk & Stol A/S har sendt inn kart med profilar innkome 20.03 som syner plan for tiltaket.

**Søknaden:**

Det vert søkt om planering av eit småkupert areal på ca 16 dekar. Tidshorisonten for planen er stipulert til 2013 – 2014. Over det meste av arealet skal det påførast tørre jordmassar, medan det i hjørnet mot vest, skal det plasserast blautare massar med større fyllingshøgde.

**Lovgrunnlaget:**

Etter forskrift om begrensning av forurnsning § 4-2 må det søkjast om løyve om det vert forflytta masse som berører eit areal på minst 1 dekar. Grunneigar er ansvarleg for at tiltaket vert utført i samsvar med dei krav som vert stilte, og det inkluderar det arbeid som entreprenør utfører på eigedomen. Eventuelle krav på brot av regelverket vil kunna bli *retta mot grunneigar*.

**Vurdering:**

Slik planen ligg føre, vurderar kommunen dette som eit svært godt tiltak, der ein vil få ei jamnare og betre slåttemark, samstundes så vil vegen som vert etablert gjera tilkomst lettare og betre både for hausting og gjødsling av areala. Ein må nok rekna med at ein om ikkje på heile, men på store delar av arealet må det grøftast før det kan såast til.

Det er eit vilkår at det berre skal nyttast reine massar og at det ikkje vert tilsig av jordhaldig vatn til vassdraget.

**Vedtak:**

Med heimel i forskrift om begrensing av forurensning (forurensningsforskrift) kapitel 4 godkjenner Lindås kommune søknaden om jordtipp på gnr 212 bnr 8 Eikanger øvre. Med heimel i § 4 – 8 i forurensningsforskrifta vert følgjande vilkår sette:

1. Det er ein føresetnad at dei punkt som kjem fram i vurderinga av saka vert følgde.
2. Arealet skal vera klart og tilsådd innan 01.06. 2016

Med helsing

Nils Kaalaas  
fagleiar landbruk

Kopi til:

Vassbakk & Stol Morvikbotn 153 5122 MORVIK